

Øygarden brann og redning IKS

Styret
Møteprotokoll

MEDLEM

| Namn | Rolle | Reprenterer | Merknad |
|-------------------|------------|------------------|---------|
| Per Rune Eikeseth | styreleiar | Sund kommune | |
| Olav Martin Vik | nestleiar | Øygarden kommune | |
| Silvia Haugland | medlem | Øygarden kommune | |
| Nina Glesnes | medlem | Sund kommune | |
| Elna Nybakk | medlem | Fjell kommune | |
| Sveinung Vethe | medlem | Fjell kommune | Forfall |
| Jørgen Kausland | medlem | Tilsette | |
| Eirik Monssen | observatør | Tilsette | Forfall |

VARAMEDLEM

Petter Rørvik møtte for Eirik Monsen

ANDRE

Bjørn Olav Paulsen brann- og redningssjef

Nils Anders Mæland varabranssjef

Dato: 25.03.2019

Tid: 1500-1800

Stad: *Kreisen, Ågotnes brannstasjon*



Per Rune Eikeseth
styreleiar




Olav Martin Vik
nestleiar



Nina Glesnes
styremedlem



Elna Nybakk
styremedlem



Jørgen Kausland
styremedlem



Silvia Haugland
styremedlem

| Saker til behandling | |
|-----------------------------|---|
| | Orienteringssaker |
| S07/2019 | Godkjenning av innkalling og saksliste møte 25.03.2019 |
| S08/2019 | Godkjenning av møteprotokoll 22.01.2019 |
| S09/2019 | Økonomistatus per 18.03.2019 |
| S10/2019 | Opplæringsplan 2019 |
| S11/2019 | Rekneskap 2018 |
| S12/2019 | Årsmelding 2018 |
| S13/2019 | Uttale til Vedtekter for Øygarden brann og redning KF |
| S14/2019 | Forslag til Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF |
| S15/2019 | Forslag til Verksemdsplan Øygarden brann og redning KF |
| S16/2019 | Investeringsplan 2020 – 2025 |

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|-----------------|---------------|----------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 25.03.2019 | S07/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Innkalling og saksliste for møte 25.03.2019 | | | |
| Trykte vedlegg: Ingen | | | |

Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 25.03.2019
Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 25.03.2019 slik den ligg føre.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

Samrøystes vedteken.

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|-----------------|---------------|----------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 25.03.2019 | S08/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Godkjenning av møteprotokoll frå møte 22.01.2019 | | | |
| Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 22.01.2019 | | | |

Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 22.01.2019.
Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 22.01.2019 slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 22.01.2019 slik den ligg føre.
Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|-----------------|---------------|----------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 22.01.2019 | S09/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Økonomistatus per 18.03.2019 | | | |
| Trykte vedlegg: Stilisert driftsbudsjett for ØBR | | | |

**Saka gjeld enkel rapportering om økonomisk status for selskapet.
Brann- og redningssjefen rår styret til å ta økonomistatus per 18.03.2019 til orientering.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret tek økonomistatusen per 18.03.2019 til orientering.

Vedtak

Styret tek økonomistatusen per 18.03.2019 til orientering.
Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--------------------------------------|-----------------|---------------|----------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 22.01.2019 | S10/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Opplæringsplan 2019 | | | |
| Trykte vedlegg: Opplæringsplan 2019 | | | |

**Saka gjeld opplæringsplan for 2019.
Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne planen slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gir følgjande

Innstilling

Styret vedtek opplæringsplan 2019 slik den ligg føre.

Kurs og opplæring skal gjennomførast i høve til planen, men brannsjefen gjer endeleg prioritering utifrå vedteke driftsbudsjett.

Til møtet:

Vedtak i AMU i sak A03/2019

Arbeidsmiljøutvalet tek opplæringsplan 2019 slik den ligg føre til etterretning.

Samrøystes vedteken

Vedtak

Styret vedtek opplæringsplan 2019 slik den ligg føre.

Kurs og opplæring skal gjennomførast i høve til planen, men brannsjefen gjer endeleg prioritering utifrå vedteke driftsbudsjett. Samrøystes vedteken.

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--------------------------------|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 22.01.2019 | S11/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Representantskapet | | | Som over |
| Rekneskap for 2018 | | | |
| Trykte vedlegg: Rekneskap 2018 | | | |

Saka gjeld behandling av rekneskapen for 2018 for Øygarden brann og redning IKS. Brann- og redningssjefen rår styret til å rå representantskapet om å godkjenne rekneskapen 2018 slik den ligg føre.

| | | | |
|---------------------------------------|----------|------------------|---|
| Sum driftsinntekter/tilskot | + | 35 584 106 | |
| Sum driftsutgifter | - | 35 151 832 | |
| Brutto driftsresultat | = | 432 275 | før finanspostar |
| Finanspostar | + | 1 096 093 | Avskrivning og renteinntekt |
| Ordinært resultat | = | 1 528 368 | før fondstransaksjonar |
| Interne finanstransaksjonar | + | -108 000 | avsetnadar |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | = | 1 420 368 | resultat etter interne finanstransaksjonar |

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret rår representantskapet til å godkjenne rekneskapen for Øygarden brann og redning IKS for 2018.

Rekneskapen blir gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 420 368, som vert overført som følgjer:

1. kr 820 368 til driftsfond
2. kr 600 000 til investeringsfond

Vedtak

Styret rår representantskapet til å godkjenne rekneskapen for Øygarden brann og redning IKS for 2018.

Rekneskapen blir gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 420 368, som vert overført som følgjer:

1. kr 820 368 til driftsfond
2. kr 600 000 til investeringsfond

Styret får tilsendt ein meir presis forklaring på korleis rekneskapsmessig mindreforbruk kjem fram. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret | 25.03.2019 | S12/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Representantskapet | | | |
| Årsmelding 2018 | | | |
| Trykte vedlegg: Årsmelding for 2018 (utkast) | | | |

Saka gjeld Årsmelding 2018 for Øygarden brann og redning IKS.
Brann- og redningssjefen rår styret til å rå representantskapet til å godkjenne årsmeldinga 2018 slik den ligg føre..

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret rår representantskapet til å godkjenne Årsmelding 2018 for Øygarden brann og redning IKS slik den ligg føre.

Vedtak

Styret rår representantskapet til å godkjenne Årsmelding 2018 for Øygarden brann og redning IKS slik den ligg føre.

Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret for ØBR | 22.01.2019 | S13/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Uttale til Vedtekter for Øygarden brann og redning KF | | | |
| Trykte vedlegg: Vedtekter for Øygarden brann og redning KF – ei samstilling (utkast) | | | |

Saka gjeld uttale til forslag til vedtekter for Øygarden brann og redning KF.
Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne framlegg til vedtekter med dei endringar som er lista opp. Saka vert sendt over til prosjektrådmannen for vidare behandling.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner framlegg til vedtekter for Øygarden brann og redning KF, slik dei ligg føre i utkastet. Uttala vert sendt over til prosjektrådmann i samsvar med vedtak i Fellesnemnda.

Vedtak

Styret godkjenner framlegg til vedtekter for Øygarden brann og redning KF, slik dei ligg føre i utkastet. Uttala vert sendt over til prosjektrådmann i samsvar med vedtak i Fellesnemnda.

Styrets framlegg vert reinskriven og lagt fram som eige framlegg.

Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret for ØBR | 22.01.2019 | S14/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Forslag til Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF | | | |
| Trykte vedlegg: Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF (utkast) | | | |

Saka gjeld forslag til Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF. Brann- og redningssjefen rår styre til å vedta forslaget til Driftsavtala, og sende den til prosjektrådmannen for vidare behandling i Fellesnemnda.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret vedtek framlegg til Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF, slik det ligg føre. Framlegget vert å sende prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune, for vidare behandling.

Vedtak

Styret vedtek framlegg til Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF, slik det ligg føre. Framlegget vert å sende prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune, for vidare behandling. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|---|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret for ØBR | 22.01.2019 | S15/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Forslag til Verksemdsplan for Øygarden brann og redning KF | | | |
| Trykte vedlegg: Hovudplan 2019 for Øygarden brann og redning IKS | | | |

Saka gjeld framlegg til Verksemdsplan for Øygarden brann og redning KF. Styret har i eit arbeidsmøte diskutert ein slik plan, og meiner at allereie eksistertande, årleg, Hovudplan for ØBR bør vere dekkande. Det er for tidleg på året til å ha klart ein plan for 2020, men styret rår til å leggje ved årets plan, som vil kunne vere ein mal for ny plan for 2020. Styret vil så til hausten vedta plan for 2020
Brann- og redningssjefen rår styret til å sende Hovudplan for 2019 som døme på ØBR sitt svar på ein verksemdsplan.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret rår til at eksisterande Hovudplan for ØBR IKS også vert nytta for ØBR KF, med nødvendige tilpassingar for ny organisering.

Vedtak

Styret rår til at eksisterande Hovudplan for ØBR IKS også vert nytta for ØBR KF, med nødvendige tilpassingar for ny organisering. Samrøystes vedteken

| Øygarden brann og redning IKS | | | Møteprotokoll |
|--|------------|----------|--------------------|
| Organ | Møtedato | Saknr. | Saksbeh. |
| Styret for ØBR | 22.01.2019 | S16/2019 | Bjørn Olav Paulsen |
| Investeringsplan 2020 - 2025 | | | |
| Trykte vedlegg: Investeringsplan 2020 – 2025 (utkast) | | | |

Saka gjeld Investeringsplan for 2020 – 2025. Brann- og redningssjefen har utarbeidd eit framlegg til investeringsplan, og rår styret til å godkjenne planen. Før investeringane kan setjast i verk, må tilfredsstillande finansiering ordnast, og eige sak om investeringsbudsjett for den einskilde sak, leggjast fram for styret. Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta planen slik den ligg føre, og med dei føresetnader som ligg i vedtaket.

Steg 1

Det er ein del alvorlege teikn på behov for forsert utskiftingstak på storbilane. Gjennomsnittsalder på tank- og mannskapsbilane er 15, 2 år. Dette betyr at fleire er godt over 15 år, som er sett som økonomisk levetid i brandokumentasjonen. Da har vi trekt ut mannskapsbilan ved Dalsneset brannstasjon, som vart teken ut av teneste i desember 2018 pga ein feil på bremsesystemet (ABS). Denne feilen vart vi råda frå til å gjere noko med fordi det ikkje ville vere rekningsssvarande å gjere det. I tillegg ville det mest sannsynleg dukke opp følgjekostnader, om arbeidet vart starta. Bilan var teken ut av teneste og seld. I mellomtida har vi leigd inn ein eldre brannbil frå Bergen brannvesen. Dette er ein bil som Osterøy brann og redning nytta i påvente av sin nye bil. Det er ikkje noko berekraftig løysing med slik innleige, og ØBR har difor ei akutt behov for ny mannskapsbil. I tillegg har tre av våre andre store bilar utordringar med generatorar, som potensielt er kostbare å reparere. Dess eldre kjøretøya vert, jo mindre pålitelege vert dei. Difor er ei utskiftingstakt på 15 år sett.

Vår tilråding i planen er å skifte ut to eldre tankbilar, ein mannskapsbil, samt altså skaffe ein ny mannskapsbil til, som erstatning for den mannskapsbilan som vart teken ut av teneste.

ØBR har ein nøktern tilnærming når det kjem til dei store bilane. Dei skal vere funksjonelle, men vi vel aldri toppspesifiserte bilar. På denne måten får vi enkle, men funksjonelle kjøretøy som skal tilfredsstillere vårt behov. ØBR har ein unytta kommunal lånegaranti på 10,6 mil (eks.mva). Med bruk av eigenverdi på innbytebilar og bruk av midlar frå investeringsfond, vil dette vere tilstrekkeleg for å kjøpe to nye tankbilar og to mannskapsbilar. Brann- og redningssjefen har vore i dialog med Rune Lid, som i tillegg til å vere prosjektrådmann, og er tilsett som rådmann i Nye Øygarden kommune. Han ser klare fordelar med faste avsetningar og bruken av fond, slik brann- og redningssjefen har skissert t.d. i sak om Driftsavtale for Øygarden brann og redning KF.

Steg 2

Når det kjem til steg 2 for utskifting av dei resterande tankbil (2002-modell) og mannskapsbil (2008-modell), så er det i brandokumentasjonen lagt opp til at tankbilan ved Ågotnes vert erstatta med eit høgdereskip, og mannskapsbilan ved same stasjon, skifta ut med ny mannskapsbil. For slik utskifting må det leggjast fram ei ny sak til det komande nye kommunestyret for Nye Øygarden kommune for ei ny kommunal lånegaranti. Dette vil ØBR KF kome attende til.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

1. Styret godkjenner investeringsplanen slik den ligg føre med fylgjande merknader
 - a. Styret anerkjenner behovet for snarleg utskifting av kjøretøya i steg 1, og ber om å få lagt fram eiga sak om investeringar for dei fire aktuelle kjøretøya.
 - b. Framtidige utskiftingar, som krev opptak av lån, vert å leggje fram for styret for Øygarden brann og redning KF, og deretter kommunestyret i Nye Øygarden kommune for godkjenning.
2. Dialog med rådmannen i Nye Øygarden kommune skal sikrast parallelt for alle investerings-sakene

Vedtak

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

1. Styret godkjenner investeringsplanen slik den ligg føre med fylgjande merknader
 - a. Styret anerkjenner behovet for snarleg utskifting av kjøretøya i steg 1, og ber om å få lagt fram eiga sak om investeringar for dei fire aktuelle kjøretøya.
 - b. Framtidige utskiftingar, som krev opptak av lån, vert å leggje fram for styret for Øygarden brann og redning KF, og deretter kommunestyret i Nye Øygarden kommune for godkjenning.
2. Dialog med rådmannen i Nye Øygarden kommune skal sikrast parallelt for alle investerings-sakene

Samrøystes vedteken